

Fjell kommune v. beredskapsleiar Roy-Erik Hansen

Postboks 184

5342 Straume

Hordaland fylkeskommune

Samferdselsavdelinga/vegseksjonen

v. Inge Edvardsen

Sendt på e-post 180614 til hfk@hfk.no og Inge.Edvardsen@hfk.no

Kopi Steinar.Nesse@fjell.kommune.no og vigleik.brekke@fjell.kommune.no

VEDKOMANDE UTKAST TIL BEREDSKAPSPLAN FOR BRUSAMBAND RUNDT BERGEN

Viser til e-post fra Inge Edvardsen/HFK av 110414 med førespurnad om innspel til beredskapsplan om brusamband rundt Bergen.

E-posten er sendt til den kommunale kriseleiinga i Fjell kommune med ønskje om tilbakemelding. På bakgrunn av dette, har Fjell kommune desse innspela til dei framlagte dokumenta:

1. OM PLANEN – ADMINISTRATIV DEL:

- **Leiinga** gjennom heile operasjonen må i planen vera tydeleggjort og i samsvar med lovar og forskrifter. Kven er heilt på topp i beredskapsorganisasjonen ? Kven har ansvar for kva ? Korleis vert samvirket mellom alle aktørane ? Er det skilnad i leiing mellom akuttfasen og langvaring fase ? Og kva ansvar har dei nasjonale myndigheiter – samferdselsdirektoratet og DSB ?
- **Utforming av beredskapsplan for kommunane.** Ei alvorleg bruhending vil ha to fasar. Ein akuttfase og ein langvaring driftsfase. Definisjonen på langvaring brustenging bør vera frå eit døger til eit halvt år. I akuttfasen vil det vera størst utfordring knytt til landfaste og øyfaste/personivaretaelse, helseberedskap/annan utrykningsberedskap og personfrakt. Planen må kommunisera eit estimat på kor mange dette vil gjelda, kva som er behova og kva som er løysinga/kapasitet.
- **Definera fasar i operasjonen.**
- **I akuttfasen** bør KKL i kvar kommune ivareta beredskapsplikta for eigne tenester, innbyggjarar, dei som er i kommunen, mm. Kvar, av kven og korleis vert landfaste og øyfaste ivaretatt ?
- **Felles beredskapsgruppe:** Ved varigheit ut over akuttfasen, må det vurderast å setja ned ei felles gruppe for Bergen, Fjell, Sund og Øygarden (Askøy ?) som har til

oppgåve å drifta den langvarige aksjonen. Lik beredskapsplan for desse kommunane bør vurderast. Kven som har ansvar i kvar kommune må vera avklart.

- **Krisekommunikasjonsplan:** Planverket må vera klar på korleis krisekommunikasjonen skal vera ved ei slik hending. Kven skal uttala seg, korleis skal info. kommuniserast, kva skal formidlast mm.
- **Felles web. verktøy:** Planen bør vera klargjort på eit felles web.verktøy for aktuelle kommunar – t.d. DSB-CIM (ol.) Her må beredskapsorganisasjonane og heile planen vera lagt inn. Ressursar, deling med alle aktørar, kommunikasjon på e-post må vera mogleg, pluss logg, rapport-skjema osb.

Andre aktørar som bør koplust på:

- Politiet.
- Helse Bergen.
- Sivilforsvaret/Forsvaret.
- Aktørar for næringar: Sartor Storsenter v. Thomas Skålnes thomas.skaalnes@sartorsenter.no, forsyningar av mat, drivstoff, medisinar og anna kritisk materiell må kartleggjast og levering prioriterast.

2. SPESIELT OM KOMMUNANE:

Side 7: Sjå pkt. om operasjonsplan. Kven er heilt på topp i beredskapsorganisasjonen ?

Skriv òg om samvirkeprinsippet på denne sida.

Side16:

Kva rolle har fylkesberedskapsrådet i denne samanheng ? Og kva rolle har Politiet ?

KKL i kommunane må varslast umiddelbart ved fare for langvarig stenging. Framlegg: Set dette inn i pkt A3.

Oppgåva med transport-koordinator må koma tydleg fram på operasjonskortet.

Spm. om kommunesamarbeid må inn tidleg.

Kvar bru bør ha ei omtale av «teknisk standard».

3. SPESIELT FOR FJELL KOMMUNE:

Hovudoppgåva for kommunen vil vera å halda fram med dei kommunale tenestene og ivareta alle som til einkvar tid er i kommunen. Det vil vera forskjellig press på desse oppgåvene i akutfasen og i den langvarige fasen.

Kommunen har omsorgstenester på Bjorøyna og Tyssøyna. Om dette skriv omsorgssjefen:

Tenester på Bjorøy – alternative forslag:

- Båt – bil tilgjengeleg på andre sida - samarbeida med pårørande/
- Undersøkja om det er tilsette som bur der – evt. inngå avtale om kjøp av tenester frå Bergen

Behov for drivstoff:

- Leasingbilar i heimetenesta/transport til og frå dagavd/andre bilar – til saman ca 10 000 km pr veke.
- Anna:
- Behov for medisinleveranse må prioriterast, saman med anna naudsynt medisinsk utstyr, henting av blodprøvar etc . Det er og naudsynt å kartleggje omfang og hyppighet for å koordinera dette.
 - Drift av dialyse – her må Helse Bergen gje uttale.

Tilsette i Fjell kommune som bur i Bergen: Fjell kommune har omlag 1500 tilsette. Av desse bur ein stor prosentdel i Bergen og andre kommunar aust for brua. Nøyaktig tal ligg ikkje føre, men eit forsiktig estimat er ca. 30 – 40 %. Kommunen bør og setja opp liste over nøkkelpersonell.

Mvh Roy-Erik Hansen

beredskapsleiar Fjell kommune

telf. 91739772